



Lærdal
kommune

Retningslinjer for fritidskasse i Lærdal kommune



For året 2026

Grøne
Lærdal

Kriterium for å få tildelt støtte frå fritidskassa i Lærdal kommune:

1. Støtte vert gjeven til deltaking i regelmessige, organiserte fritidsaktivitetar. Det betyr at det er det einskilde barn/ungdom frå 8 - 17 år som kan få støtte. Det vert ikkje gjeve generell støtte til grupper/lag eller foreiningar.
2. Støtta skal ikkje erstatte dugnadsinntekter eller supplere andre tilskotsordningar.
3. Det kan eksempelvis søkjast om støtte til:
 - a. Utstyr (i Lærdal kommune minner me også om at BUA har mykje utstyr til utlån)
 - b. Kontingent
 - c. Eigenandel
 - d. Reise
 - e. Opphald og måltid i høve deltaking på turnering/reise av lag/foreining.
4. Dersom det ikkje står frist for å levere faktura i tildelingsbrevet så skal faktura leverast innan 3 månader. Dersom faktura ikkje vert levert innan fristen tek me atterhald om retten til å kansellere tildelinga.
5. Fritidskassa gjer avtale med leirar/trenarar/ressurspersonar i aktuelle lag og foreiningar, desse vert kontaktpersonar for ordninga og forpliktar seg til å vere bindeledd mellom fritidskassa og det einskilde barn/ungdom. Dei har eit særskilt ansvar for å gje informasjon om tilbodet til dei andre vaksne i laget/foreininga og for å vera pådrivar for å «fange opp» dei barna/ungdommane som har behov for støtte frå fritidskassa.
6. Kontaktpersonane har ansvar for å sikre at tilbodet om fritidskasse til barn, ungdom og familiar vert gjeve på ein inkluderande og ikkje-stigmatiserande måte.
7. Helsestasjons- og skulehelsetenesta har ansvaret for å gje informasjon om støtteordninga på møte for foreldre/føresette, til kommunens tilsette og til barn og unge på skulen.

Korleis vert støtta gjeven?

1. Fritidskassa betalar ikkje ut pengebeløp.
2. Fritidskassa dekker ikkje deltaking i lovpålagde tenester frå kommunen som til dømes tilbod frå kulturskulen. For støtte til deltaking i kulturskulen ta kontakt med:
camilla.grottebo@laerdal.kommune.no
3. Fritidskassa kan ikkje dekkje utgifter som allereie er betalt. For å få støtte frå fritidskassa må ein levere ein ubetalt faktura.

4. Privatpersonar (barn, ungdom, foreldre/føresette) kan søkje fritidskassa direkte utan involvering av lag og foreiningar.
5. Lag og foreiningar kan søkje om støtte frå fritidskassa på vegne av barnet/ungdommen.